



Møtereferat 22.02.2018 – Utval for eigarskapsmodellar

Møte nr. 7 i: Utval for eigarskapsmodellar	Dato: 22.02.2018	Tid: Kl. 09.30 – 12.00
Møteleiar: Atle Dāvøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: Atle Dāvøy Kari-Anne Landro Egil Haaland Helena Morland Hansen Daniel-Victor Sandvik	Forfall: Ingen	
Andre:		
Referent: Jarle Kåre Oen		

Saksnr	Sakstittel
16/18	Godkjenning av innkalling og saksliste m.m <u>Vedtak:</u> Utvalet hadde ingen merknader til innkalling og saksliste som vart samrøystes vedteken.
17/18	Referat og orienteringssaker Referatet frå møte 15.02.2018 vart kort gjennomgått. <u>Vedtak:</u> Det var ingen merknader og referatet vart samsrøystes vedteke



18/18	<p>Rapportutkast versjon 15.02.2018 utsendt med innkallinga</p> <p>Rapportutkastet vart gjennomgått. Der det var semja om framlegga med raud tekst, vart dette endra til svart tekst.</p> <p>Det kom fram desse merknader som administrasjonen skal arbeida med vidare:</p> <ul style="list-style-type: none">- Redaksjonelt: forklar alle forkortingar og sett desse gjerne opp på ei liste til slutt i dokumentet- Utvalet ønskjer å få innsyn i vedtektene til Trigger AS- Utvalet ønskjer nærare opplysningar om talet tilsette og økonomisk omsetnad i Sund VA som vert lagt inn i dokumentet (jamført med FjellVAR)- Kommunane har ei rekkje andre eigedomar som t.d. kaiar og næringsseigedomar som ikkje er omtala i mandatet. Utvalet ønskjer å få framlagt eit oversyn over desse eigedomane så snart det let seg gjera- Fellesnemnda har ein milepel/ eit prosjekt som heiter eigedom. Utvalet ønskjer ein avklaring om «eigedom» i denne samanheng skal takast vidare av eigedomsutvalet- Sotra legevakt: ber om ei nærare avklaring av noverande organisering- Utvalet ser mange interessante synergjar knytt til mogleg «sam-organisering» / lokalisering av tenestene beredskap/brann og redning/legevakt- Utvalet ønskjer også nærare tilbakemelding om medlemskostnaden i nettverka «Brysselkontoret», «Nettverk for petroleumskommunar» og «Nettverk for fjord- og kystkommunar» <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Med desse merknadane vart den utsendte versjonen oppdatert. Oppdateringa ligg ved referatet som Versjon 22.02.2018 (ikkje offentleg).</p>
19/18	<p>SWOT-analysar og vekting av ulike modellar</p> <p>Leiar Atle Dåvøy hadde utarbeida eit diskusjonsgrunnlag med vekting av ulike faktorar knytt til ulike eigarskapsmodellar. Han ville at medlemmane til neste ordinære møte skal gjera sine egne vurderingar. I neste møte vert desse presentert og utvalet einast om eit forslag om vekting som vert knytt til rapporten. AD sitt forslag følgjer referatet.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Utvalet slutta seg til leiaren sitt opplegg og forslag om vidare handtering.</p>
20/18	Neste møte



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Neste møte er planlagt til 8. mars. NB. Grunna kollisjonar vert tidspunktet for møtet skuva fram til 12.30-15.30.

Innleveringsfristen for innspel er sett til 1. mars (frå selskap/einingar/stifting/KF evt. andre. Administrasjonen sender alle innkomne uttalar til utvalsmedlemmane.

Skjenet 2, 27.02.2018

Jarle Kåre Oen
Prosjektmedarbeidar
Nye Øygarden kommune